



Konfirmantane 2020 saman med sokneprest Reidar Adnanes.

Dei nye konfirmantane vart presentert i kyrkja i går, søndag 15. september. Talet er 14 og Reidar Adnanes vert presten deira fram til han sluttar og går av med pensjon i desember. På eit møte med konfirmantane og foreldra deira etter gudstenesta i går vart det orientert om konfirmasjonsførebuinga og evt. kva som vil skje i tida etter jul og fram til konfirmasjonen i mai månad.

I presten sin tale til det nye konfirmantkullet vart det lagt vekt på den såkalla Kristuskransen, ein bønnekrans med perler der kvar perle er ein viktig del av det konfirmantane skal innom av emne i tida framover.

Dei to fyrste perlene er begge raude. Dei står for Guds kjærleik som fundament og som førebilete. Det handlar om Jesus som tilgjev og som forsonar. Kjærleiken er noko vi får og noko vi skal gje vidare til våre medmenneske.

Etter talen vart alle namna lesne og kvar konfirmant kom fram saman med presten.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal